



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkiv:	Dato
202420449-2	22/1884-18 /ELITVE/25/3310	FA-S11, TI-&18	27.01.2025

Uttale til søknad om løyve til å midlertidig fråvike manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget

Utval for samfunn, plan og næring har i møte 22.01.2025 09:00 fatta følgjande vedtak i sak 006/25:

Ullensvang kommune rår til at Noregs vassdrags- og energidirektorat godkjenner Statkraft sin søknad om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget på følgjande vilkår:

1. Statkraft må ha auka fokus på tryggleiken og tilsyn i arbeidsperioden.
2. Statkraft skal senda informasjon til Ullensvang kommune om når arbeidet startar og når det vert utrygg is i perioden 24.02.2025–28.04.2025, som kan leggst ut på nettsida.
3. Ullensvang kommune oppmodar Statkraft om å kompensera Røldal fjellstyre for tapte inntekter i samband med redusert/bortfall i sal av fiskekort i perioden arbeidet går føre seg.
4. Ullensvang kommune oppmodar Statkraft, dersom behov for å leige inn annet personell enn Statkrafts sine egne til å drive tilsyn og informasjon rundt usikker is om å benytte seg av fjellstyre sitt eget feltorgan–Fjelloppsynet.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00
Sentralbord: 09.00 – 15.00
Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda
postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss

Besøk innbyggjartorga i
Jondal, Odda og Kinsarvik
www.ullensvang.kommune.no

Helsing

Elisabeth Pettersen Tveit
rådgjevar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Kopi til:
Kristian Bondhus-Jensen
Wermund Vetrhus

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for samfunn, plan og næring	22.01.2025	006/25

Saksbehandler:	Arkivsak – dok.nr	22/1884 – 15
Elisabeth Pettersen Tveit	Journalpostnr.	24/37095

Uttale til søknad om løyve til å midlertidig fråvike manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget

Vedlegg
Høyringsbrev – Midlertidig fråvik frå manøvreringsreglement – Kjelavassdraget
Søknad frå Statkraft
NVE gjev løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Ståvatn og Kjelavatn 2024
Svar på spørsmål om utsett frist på uttale til søknad om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget

Saka blir avgjort av:

Utval for samfunn, plan og næring

Tilråding frå rådmannen:

Ullensvang kommune rår til at Noregs vassdrags- og energidirektorat godkjenner Statkraft sin søknad om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget på følgjande vilkår:

1. Statkraft må ha auka fokus på tryggleiken og tilsyn i arbeidsperioden.
2. Statkraft skal senda informasjon til Ullensvang kommune om når arbeidet startar og når det vert utrygg is i perioden 24.02.2025–28.04.2025, som kan leggest ut på nettsida.
3. Ullensvang kommune oppmodar Statkraft om å kompensera Røldal fjellstyre for tapte inntekter i samband med redusert/bortfall i sal av fiskekort i perioden arbeidet går føre seg.

Utval for samfunn, plan og næring 22.01.2025

Nytt punkt 4, sett fram av Vidar Solvi, Arbeidarpartiet

4. Ullensvang kommune oppmodar Statkraft, dersom behov for å leige inn annet personell enn Statkrafts sine egne til å drive tilsyn og informasjon rundt usikker is om å benytte seg av fjellstyre sitt eget feltorgan–Fjellopssynet.

Habilitet:

Andre Botnen (AP) stilte spørsmål ved eigen habilitet i saka da han er i styret i Røldal fjellstyre. Viste til pkt. 3 kompensasjon til fjellstyre. Varamedlem var ikkje innkalla. Røysting: Andre Botnen vart samrøystes røysta inhabil i saka, jmf. kom.lov §6e.

Jarle Rasmussen (AP) stilte spørsmål til eigen habilitet i saka, da han er leiar av fjellstyre og styreleiar i Fjellopssyn as. Viste til pkt. 4 fjellopssyn, Varamedlem var ikkje innkalla. Røysting: Jarle Rasmussen vart samrøystes røysta habil i pkt. 1–3, og vart samrøystes røysta inhabil i pkt. 4. Jmf. kom.lov §6e.

Notat:

Andre Botnen (AP) tredde frå i heile saka
Jarle Rasmussen (AP) tredde frå i røystinga av nytt pkt. 4

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen pkt.1–3 vart samrøystes vedteke med 12 røyster.
Framlegg frå Vidar Solvi pkt. 4 vart samrøystes vedteke med 11 røyster.

USPN – 006/25 Vedtak

Ullensvang kommune rår til at Noregs vassdrags- og energidirektorat godkjenner Statkraft sin søknad om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Kjølavassdraget på følgjande vilkår:

1. Statkraft må ha auka fokus på tryggleiken og tilsyn i arbeidsperioden.
2. Statkraft skal senda informasjon til Ullensvang kommune om når arbeidet startar og når det vert utrygg is i perioden 24.02.2025–28.04.2025, som kan leggst ut på nettsida.
3. Ullensvang kommune oppmodar Statkraft om å kompensera Røldal fjellstyre for tapte inntekter i samband med redusert/bortfall i sal av fiskekort i perioden arbeidet går føre seg.
4. Ullensvang kommune oppmodar Statkraft, dersom behov for å leige inn annet personell enn Statkrafts sine egne til å drive tilsyn og informasjon rundt usikker is om å benytte seg av fjellstyre sitt eget feltorgan–Fjellopssynet.

Saksopplysningar:

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) ber Ullensvang kommune om uttale til søknad om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Kjølavassdraget i perioden 24.02.2025–28.04.2025. I samband med ombygging av Kjøl dammar søker Statkraft Energi AS om

midlertidig løyve til å:

1. manøvrere Ståvatn over LRV.
2. halde Kjelavatn nær LRV i perioden.
3. fråvike slepp av minstevassføring på 300 l/s i Kjelavassdraget.

Ullensvang kommune har fått utsett frist for uttale til 27.01.2025.

Kjelavassdraget ligg i Ullensvang og Vinje kommune. Ståvatn er på grensa mellom kommunane. Ståvatn er regulert mellom lågaste regulerte vasstand (LRV) på 966,0 og høgaste regulerte vasstand (HRV) på 978,5.

Utval for samfunn, plan og næring handsama liknande sak 24.01.2024, og fatta følgjande vedtak i sak 011/24:

“Ullensvang kommune rår til at Noregs vassdrags- og energidirektorat godkjenner Statkraft sin søknad om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Kjelavassdraget på følgjande vilkår:

- 1. Statkraft må ha auka fokus på tryggleiken og tilsyn i arbeidsperioden.*
- 2. Statkraft skal senda informasjon til Ullensvang kommune om når arbeidet startar og når det vert utrygg is i perioden 01.03.2024–06.04.2024, som kan leggjast ut på nettsida.*
- 3. Ullensvang kommune oppmodar Statkraft om å kompensera Røldal fjellstyre for tapte inntekter i samband med redusert/bortfall i sal av fiskekort i perioden arbeidet går føre seg.”*

NVE gav Statkraft løyve 29.02.2024 etter vannressursloven § 8 til å fråvike krav i manøvreringsreglementet for Kjelavatn og Ståvatn om slepp av minstevassføring frå Kjelavatn og å halda Ståvatn stabil ved LRV i perioden 01.03.2024–06.04.2024, på følgjande vilkår:

- Perioden med fråvik frå reglementet skal gjerast så kort som mogleg.
 - Alle vasstands- og vassføringssendringar skal skje gradvis slik at stranding av fisk vert minimert og unngåast så langt det er mogleg.
 - Statkraft Energi AS skal informera ålmenta om fråviket gjennom skilting ved tiltaksområdet.
 - Berørte partar skal kontaktast direkte for å bli informert om tiltaket.
 - Informasjon om tiltaket skal kunngjerast i starten av fråviksperioden og i tillegg publiserast på relevante nettsider, som selskapets heimeside og sosiale mediar.
- Kommunane skal kontaktast for å legga ut informasjon om tiltaket på deira nettside.
- NVE forutsetter Statkraft Energi AS har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.

Vurdering:

Ståvatn er i eit mykje nytta friluftsområde som er lett tilgjengeleg langs E134. Det er stor trafikk vinterstid med ferdsel på og i nærleiken av Ståvatn. Området vert nytta til isfiske, skitur, kiting og andre aktivitetar.

Arbeidet til Statkraft i Kjelavatn fører til ei gradvis heving av Ståvatn. Det krevst at Kjelavatn

må haldast på LRV, og med begrensa tappemoglegheitar ut av Kjelavatn i perioden er det naudsynt å magasinera tilsig i Ståvatn.



Figur 4 Prognosert vannstandsutvikling Ståvatn i perioden 14.11.2024 -28.04.2025. LRV: 966,00 HRV 978,50

Utklipp frå søknaden til Statkraft:

Rådmannen ber om at Statkraft informerer kommunen når arbeidet startar, når det vert utrygg is i perioden 24.02.2025–28.04.2025. Det kan oppstå usikker is i områder langs land. Det kan redusera moglegheita for ferdsel på isen i enkelte områder rundt Ståvatn. Statkraft må informera turistar på ein god måte. Det er positivt at Statkraft skal ha ekstra tilsyn av isforholda.

Ei auking av vasstanden ein periode på to månadar før snøsmeltinga vil ikkje påverka dyra i vatnet negativt. Det vert sett ut 6000 1-somrig aure årleg i Ståvatn.

Samandrag konklusjon:

Rådmannen rår til at Statkraft får løyve, men må ha ekstra tilsyn, og kommunen må få informasjon om arbeidsstart og usikker is i arbeidsperioden til å leggja ut på nettsida.